



Fornyings- og administrasjonsdepartementet
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET
01 10 2008
ARKIVKODE:
SAKSNR. 200701623-72

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200807139-2/036/RASO

Dykkar ref.:
2007/1623-KDB

Bergen, 26. september 2008

Forslag om innføring av obligatorisk elektronisk faktura i staten - høyring

Viser til Dykkar brev dagsett 26.6.2008, vedrørende høyring om "Forslag om innføring av elektronisk faktura i staten".

Status for elektronisk innkjøpsprosess i Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune (HFK) er i ferd med implementere eit IT- basert innkjøpssystem. Systemet er førebels implementert i skulesektoren der 50% av alle innkjøpa av varer vil bli kjøpt ved hjelp av systemet i 2008. HFK er oppteken av å få til automatisering av heile innkjøpsprosessen, og vi er einige i at fakturahandteringa er ein viktig del av dette. Førebels har vi vore mest opptekne av å starte arbeidet med integrerte løysingar for overføring av ordrar til leverandørane sine ordre-/salssystem. Vi er i ferd med å sjå på konkrete løysingar for dette.

Når det gjeld fakturaprosessen, er innføring av elektronisk fakturahandtering (scanning) under utgreiing, og vi kan moglegvis implementere ei slik løysing i løpet av 2009. Vi ser for oss at scanningløysinga vil omfatte løysing for integrering mellom innkjøpssystemet og økonomi systemet, og meiner at dette vil vere eit viktig steg mot ein elektronisk fakturaprosess.

Til dei spørsmåla departementet tek opp, har Hordaland fylkeskommune følgjande kommentarar:

"Valg av en felles statlig standard for e-faktura – hvilke hensyn bør veie tyngst, og er det foreslåtte valget i tråd med høringsinstansens ønsker mht egen utvikling og utviklingen internasjonalt?"

Vi har ikkje sterke meiningar om dette, men ein felles open standard for elektronisk faktura i offentlig sektor vil etter vårt syn vere føremålstenleg. FAD foreslår NESUBL. Noreg har slutta seg til NES samarbeidet. For å minske overgangskostnader for leverandørane, bør NESUBL vere kompatibel med e2b standarden. Det at standarden bygger på xml er ein føremon for integrasjon i dagens og morgondagens system.

"Skal den valgte standarden kun gjelde for staten eller skal den gjelde for hele offentlig sektor (inkludert kommunene)? Hva er hensiktsmessig forankring av en slik obligatorisk standard i så fall?"

Den valte standarden bør gjelde for heile offentlig sektor, inkludert kommunane og fylkeskommunane. I dette ligg og at det må stillast krav til kommunar og fylkeskommunar om at dei på line med staten må kunne ta imot elektronisk faktura.

"Er det tilstrekkelig å pålegge staten å legge til rette for mottak av elektronisk faktura for å oppnå beregnede gevinster eller må et mer forpliktende krav legges på bedrifter også?"

- og,

"Er en særlov det mest egnede virkemiddel for å fastsette krav til næringslivet eller bør andre virkemidler vurderes?"

Standarden og krava til gjennomføring bør forankrast i særlov der alle bedrifter blir pålagde å utstede og sende elektronisk faktura på gitt format til offentlig sektor. Eit poeng er at kommunane og staten er "fakturaautstedarar" til kvarandre, og kravet om å kunne sende elektronisk faktura vil og gjelde for "offentleg faktura-utsteding". For HFK gjeld dette til dømes ved fakturering av NAV, når ein klient har brukt ein fylkeskommunal teneste. Vi ser dette som ein stor føremon fordi eit slikt lovkrav vil innebere at leverandørane av økonomisystema til offentlig sektor på eige initiativ vil måtte utvikle naudsynt funksjonalitet i sine respektive system for at systema skal dekkje kommunane sine behov.

"Er de tidsfrister som gruppen opererer med i sitt forslag fornuftige/realistiske i forhold til å gjennomføre strategien? Om ikke, hvilken tidshorisont bør gjelde for de ulike tiltakene? Hvorfor?"

Vi har ikkje spesielle meiningar om dette, men jo meir konkrete mål staten har, desto raskare vil utviklinga gå.

"Er valg av støttevirkemidler (kravspesifikasjoner, rammeavtaler, fakturaportal mv.) fornuftig og dekkende? Finnes det alternative virkemidler som vil kunne bidra til en bedre gjennomføring av den foreslåtte strategi?"

Så langt vi kan sjå er foreslåtte støtteverkemiddel relativt godt dekkjande. Det er likevel verdt å merkje seg at for kommunane og fylkeskommunane sin del, er delen av små leverandørar truleg relativt mykje større enn for staten. Utforminga av ein "offentleg fakturaportal" bør utgreiast nærare for å sikre at tilbodet blir godt nok for dei minste leverandørane. Kostnadene ved bruk av portalen bør vere svært beskjedne for dei minste leverandørane.

"Hvilke alternative strategier kan ev. finnes for oppnå målsettinger beskrevet i arbeidsgruppens mandat og i rapportens kap. 2?"


Ingen forslag utover arbeidsgruppa sine.


"Hvilke utfordringer ev. gjennomføring av den foreslåtte strategien vil skape for:

- *statlige virksomheter, inklusive helseforetakene*
- *næringslivet?"*

For kommunane og fylkeskommunane vil utfordringane bli om lag dei same som for staten. Vi reknar med at dei største utfordringane vil vere å ha evne og ressursar til gjennomføring av naudsynnte organisasjonsendringar i høve til ei sannsynleg sentralisering av fakturahandteringa, og implementering og drift av nye IT-løysingar.

Kva utfordringar den foreslåtte strategien vil skape for næringslivet har vi lite grunnlag for å uttale oss om, men vi vil tru at det også der vil vere organisatoriske utfordringar.

Med helsing

Johnny Stiansen
økonomidirektør


Tor Oddvar Sjøvoll
fylkeskasserer